

---

Vår referanse 2020/77875-2  
Dato 15.12.2020

---

Tom Lilleskare  
Leknesvegen 269  
5915 HJELMÅS

Att. Tom Lilleskare

## Fv. 5452 - S1D1 - Leknesvegen 269 - Alver kommune - Grave- og framføringsløyve for VA-borehol

Me viser til søknaden dykkar av 29.11.2020.

### Vedtak:

Med heimel i Veglova §§ 32 og 57 vert det gjeve grave- og framføringsløyve til borehol for vatn og avlaupsleidning, løyvet omfattar kryssing av fv. 5452 ved S1D1, m2673 i Alver kommune.

Alver kommune må søkjast for kryssing av deira kommunale vegbane.

Leidningsforskrifta av 8. oktober 2013 med seinare endringar, vert lagt til grunn for vedtaket og «Rutinar for graving og legging av leidningar» gjeld for arbeidet.

Forskrifter, rutinar og skjema kan hentast ut her:

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

### Følgjande vilkår vert nemnd særskild:

- Dersom leidningsanlegg, plassert på Vestland fylkeskommune sin grunn og/eller nærare vegkant enn 3,0 meter, må flyttast på grunn av seinare vegtiltak, vil leidningseigaren bli pålagt å utføre dette for eiga rekning, jf. § 16 i leidningsforskrifta.
- Boring skal berre skje etter at eksisterande kablar og leidningar er påvist.
- Graving/framføring over avkøyrsele eller anna eigedom må avklarast med grunneigar.
- Leidningseigaren er ansvarleg for all skade som måtte påførast vegområdet eller tredjemann.
- Entreprenør og ev. underentreprenørar skal ha ansvarsforsikring på minimum 150 G.
- Mogleg ulempe for leidningsanlegget ved Fylkeskommunen sin seinare vedlikehalds/reparasjons- og utbetringararbeid, er Fylkeskommunen uvedkommande. Det kan ikkje seinare gjerast gjeldande erstatningskrav overfor Fylkeskommunen for skadar og ulemper som er påført innretninga grunna nærleik til vegen.
- Tiltakshavar har ansvar for å undersøkje eventuelle fornminner, naturreservat eller andre slags vern i forbindelse med det kommande gravearbeidet.
- Leidningen skal leggast med overdekning på minst 80cm
- Det må sendast søknad om arbeidsvarsling til Statens vegvesen i god tid før arbeidet er tenkt starta. Kopi av dette løyvet skal leggast ved søknaden. Skriv saksnummeret vårt og

gyldighetsdato for dette løyvet i arbeidsvarslingsplanen de sender til Statens vegvesen for godkjenning.

- Dersom gravearbeidet og/eller istandsettinga ikkje blir utført i samsvar med våre vilkår eller slik det er avtala med Fylkeskommunens representant, kan Fylkeskommunen utføre arbeidet for utførande entreprenørs/leidningseigars rekning.
- Alle kablar og røyr, i kryssingar og langsgåande trasear som går på veggrunn, skal målast inn i høve til SOSI-standarden. Innmålingane skal sendast Vestland fylkeskommune på SOSI-filar.
- Skjema for eigenkontroll med bilete før, under og etter arbeidet skal sendast inn til Vestland fylkeskommune. Dette skjemaet må sendast til oss seinast 14 dagar etter at arbeidet er avslutta. Garantitida startar først når eigenkontrollskjemaet er motteke.
- Arbeidet må vere avslutta innan 28.02.2021
- Garantitida vert sett til 5 år.

Innmålingsdata og eigenkontrollskjema med vedlegg skal sendast: [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no)

Hugs å vise til vårt saksnummer: 2020/77875

### Klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Med helsing

Linda Hjelmeland  
senioringeniør

Siren Berland  
konsulent

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

ALVERSUND MASKINSTASJON AS Buhaugen 6